




vidare på



Arkitektkontoret Arc-Ess
sine modeller for eit
framtidig fleirbruksbygg i
Vestnes idrettspark.



30.000 innom Parken i 2006. VVIL treng meir parkeringsareal, nye møterom og garderober!

Statens vegvesen har, ikkje uventa, kome med innsigelsar til kommuneplanrevisjonen i april månad. Administrasjonen fekk også i februar/mars etter eit møte med Statens vegvesen i Molde tommelen ned for ei fjerde arm i rundkjøringa og no ved kommuneplanrevisjonen i april også negative tilbakemeldingar mellom anna frå næringsutbygging av «Helland Vest». Statens vegvesen og Vestnes kommune har ved fleire tidlegare høve hatt ein dialog i samanheng med omlegging av E39 gjennom Helland. Statens vegvesen i Møre og Romsdal ville i si tid ha eit ordinært T-kryss medan kommunen ville ha rundkjøring der E39 no passerer Helland. Takk og pris for at Vestnes kommune fekk medhald i Oslo for å bygge rundkjøring... Dette vedtaket har spart oss for mange trafikulykker!

Når noverande og neste kommunestyre om ikkje lenge skal ta stilling til om vi skal ha kulturhus eller kor dette skal plasserast, har VVIL tru på at politikarane og kommunestyret tenker heilskap, framtidig drift og vedlikehald av eit kulturhus og kanskje meir på dette ein sjølv investeringa.

VVIL skal bygge sitt klubbhus/ møterom, tribuner og ein større parkeringsplass for å vidareføre det positive lagsarbeidet som er lagt ned gjennom mange år. 30.000 vil kome innom Parken i 2006 fordelt på organisert / uorganisert aktivitet til kampar, cup etc.

Klarar VVIL å bidra til å skape enno sterkare og betre nettverk for og blant unge i Helland har vi tatt vårt samfunnsansvar på alvor !

Fleirbruksløyising med brann og politi i same bygg og direkte tilkomst for utrykkingsbilar til E39?

Leiaren i VVIL har ikkje betenkelegheit med å plassere ein framtidig brannstasjon og lensmannskontor i det same bygget der klubbhus og utleieareal er planlagt, dette kan skje utan at andre næringsinteresser i Helland blir særlig berørt. Ved å skilje trafikk til idrettsparken og besøkande til utleieareal kan brann- og lensmanns-etatane sjølv disponere ei ny avkjøring med nødvendige uteareal nordover mot Straumen og E39. Privat trafikk til Parken kan skje gjennom eksisterande undergang og til ein ny og utvida parkeringsplass. Spørsmålet vert kva politikarane stiller seg til dette alternativet når evalueringa av kommuneplanrevisjonen for neste 4-årsperiode blir avklart i kommunestyret. Andre gongs høyring på kommuneplanrevisjonen vert lagt ut for ettersyn mellom 31. mai og 21. juni og ei avklaring og prioritering vert gjort i kommunestyret i juli månad.

Enno større aktivitet i Parken med kunstisbane!

Ser vi gjennom programma til kommunepartia er alle er samde om at vi skal styrke tiltak retta mot barn og unge. 8. mars 2004 gjorde kommunestyret mot 6 stemmer vedtak om å støtte VVIL sitt kunstgrasbaneprojekt

med 1,56 mill. (22% av samla totalkostnader 2006). I ettertid er vi alle samde om at dette var vel anvendte pengar for kommunen som i tillegg har fråskrive seg alt driftsansvaret til lys, brøyting, varme og vedlikehald. Anlegget er ope og tilgjengeleg kvar dag, heile året. Kostnadene for dette , minst 80.000 kroner pr år, vert dekt gjennom økt treningsavgifter for brukarane.

Med eit kommunalt planlagt framtidig kunstisbaneanlegg på 60x30 meter bak eine målet, vil Parken generere ytterlegare aktivitet og den tilførte energien som blir brukt til islegging vil kunne gi 3 gonger så mykje energi i form av varme som til dømes kan nyttast i eit større bygg anten som golvvarme eller som forvarming av varmtvatn. For ordens skuld: det kommunale kunstisbaneprojektet vil koste skattebetalarane nokre hundre tusen i eit totalprosjekt på ca 4,5 mill. VVIL har i dette prosjektet bidratt med grunnavståing og kr 75.000 som alt er utført i første byggjesteget.

Sats på ungdomen no, vi har ingen å miste – bygg kulturhus!

I samanheng med kommunplanrevisjonen kjem det fram at folketalet i Vestnes vil bli redusert med omlag 200 personar dei neste 10-15 år. Mykje av dette skuldast reduserte fødselstal. Helland krins vil vidare framover ha like store fødselstal som resten av kommunen. Dessverre er det ikkje lenger tilstrekkeleg kun å satse små beløp for å skape bulyst og trivsel. Til no har fantastisk dugnadsinnsats verdsett til mange titals årsverk og

millionar blitt lagt ned frå ildsjeler i alle bygdelag og gjennom dette , oppretthalde aktiviteten i frivillige lag og organisasjonar. Som takk for denne innsatsen vert det årleg gitt nokre slantar til lag og organisasjonar for å dekke nokre % av driftskostnadene til positive, frivillige, tiltak som kvar veke , heile året vert iverksett!

Tida er no overmoden for at lokalpartia og arbeidet med utforming av nye partiprogramma for 2007 meir enn snakkar og skriv om kor viktig det er med satsing på barn og unge i etableringsfasen i Helland og Vestnes. Om ikkje dei rette virkemidla blir nytta har vi snart kun middelaldrande og eldre sambygdingar å bruke pengar på!

Eit framtidig kulturell storstove der barn, unge og vaksne kan samlast i vårt mangfald av aktivitetar inne som ute midt i Vestnes kommune – må byggjast. Vi skal saman skape bulyst, nye arbeidsplassar og trivsel , avsparket er tatt og ballen er no på politikarane sin halvdel - lykke til med planarbeidet!

Leiaren og styret i VVIL vil til slutt ynskje alle som på ein eller annan måte, som året igjennom, deltek i vårt sterke fellesskap som sjåførar, kaffikokar, trener, oppmenn, styremedlem, bane-meister, spelarar eller supporterar i «Hegreberget» lykke til med nok ein sterk og solid laginnsats i 2006. Måtte det beste heimelaget vinne!

**Innsidepasning frå
Kai Magne Stokkeland,
leiar Vestnes Varfjell IL**



BRASTAD
SKIPSSERVICE AS

Brastad Skipsservice AS Eikneset 6391 Tresfjord
Tlf. +47 71188540 Fax. +47 71188541
Mail: post@brastad.net www.brastad.net



Ålesund
Armatur as

Myrlandsveien 60, Vegsund, N-6020 Ålesund
Postboks 9083, Blindheim, N-6023 Ålesund
Tlf : + 47 70 15 25 80 Fax + 47 70 15 25 81